

# Sak til samarbeidsutvalet

---

Går til: Medlemene av utvalet  
Utval: Samarbeidsrådet  
Dato: 15.09.20  
Sakshandsamar: Prosjektleder for felles utviklingsplan  
Saka gjeld: SAMANSETJING AV ARBEIDSGRUPPER I «FELLES UTVIKLINGSPLAN FOR SAMARBEID OG SAMHANDLING.»

Saksnummer: 34/20

---

## Bakgrunn

I arbeidet med ein utarbeide ein felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta i Helse Bergen sitt føretaksområde legg prosjektdirektivet opp til å etablere tre arbeidsgrupper.

Desse arbeidsgruppene er:

Arbeidsgruppe 1 som skal gjennomgå og drøfte:  
**«Organisering av, og rolle og funksjon til, toppleiar møtet»**

Arbeidsgruppe 2 som skal gjennomgå og drøfte:  
**«Organisering av, og rolle, mynde og funksjon til, SU**

Arbeidsgruppe 3 som skal gjennomgå og drøfte:  
**«Organisering / oppdeling av, og rolle og funksjon til, fagleg samarbeid.»**

Sidan prosjektet er SU/SR'ane sitt prosjekt meiner prosjektleder at det er naturleg at det er desse som vel medlemene i arbeidsgruppene. Prosjektleder vil så langt det er råd vere sekretær for arbeidsgruppene.

Av tidsomsyn er det viktig at desse gruppene vert etablert så raskt som råd. Ein bed derfor om at saka vert handsama i første møtet.

## Drøfting/vurdering:

God struktur på samarbeidsorgana med klar oppgåvedeling og godt definerte mandat er avgjerande for vidare utvikling av samarbeid og samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunane. Det er grunn til å tru at det vert store endringar også framover i korleis tenesteytinga vert gjennomført. Dette gir nye utfordringar i høve planar i alle ledd ( og

samordning av desse ) arbeidsfordeling og prioritering. Økonomiske føresetnader og kostnadsdeling vil også gi nye utfordringar som må handterast.

Inndelinga i grupper legg departementet sin modell for organ til grunn. Dette samsvarer i stor del med den delinga som er i vårt område i dag. Modellen til HELSEFELLESKAP er:



**Arbeidsgruppe 1 skal utgreie «Organisering av, og rolle og funksjon til, toppleiarmøtet»**

I departementet / KS sin modell vert dette kalla PARTNESKAPSMØTE.

Prosjektlear ønskjer at det i dette utvalet skal vere følgjande representasjon.

2 representantar frå Helse Bergen

2 representantar frå private/ideelle institusjonar derav minst 1 frå Haraldsplass diakonale sjukehus

1 representant frå kommunane i kvar av SU/SR'ane

2 representantar frå brukarane ein frå spesialisthelsenivå og ein frå kommunane

Det er ønskjeleg at representasjonen her er forankra i leiinga nærast mogleg dei som møter i dette organet.

**Arbeidsgruppe 2 skal utgreie «Organisering av, og rolle, mynde og funksjon til, SU**

I departementet / KS sin modell vert dette kalla STRATEGISK SAMARBEIDSUTVALG.

Prosjektleder ønsker at det i dette utvalet skal være følgende representasjon.

2 representantar frå Helse Bergen  
2 representantar frå private/ideelle institusjonar derav minst 1 frå Haraldsplass diakonale sjukehus  
1 representant frå kommunane i kvar av SU/SR'ane  
2 representantar frå brukarane ein frå spesialisthelsenivå og ein frå kommunane

Det er ønskeleg at representasjonen her er forankra i drift, nærast mogleg dei som møter i dette organet.

**Arbeidsgruppe 3 skal utgreie: «Organisering / oppdeling av, og rolle og funksjon til, fagleg samarbeid.»**

I departementet / KS sin modell vert dette kalla FAGLEG SAMARBEIDSUTVAL.

Prosjektleder ønsker at det i dette utvalet skal være følgende representasjon.

2 representantar frå Helse Bergen  
2 representantar frå private/ideelle institusjonar derav minst 1 frå Haraldsplass diakonale sjukehus  
1 representant frå kommunane i kvar av SU/SR'ane  
2 representantar frå brukarane ein frå spesialisthelsenivå og ein frå kommunane

Det er ønskeleg at representasjonen her er forankra i det faglege miljøet. Minst ein frå spesialisthelsetenesta bør vere forankra i fagområdet rus/psykiatri.

Brukarrepresentantar frå spesialisthelsetenesta vert utpeika av Brukarutvalet i spesialisthelsetenesta. Representasjon frå kommunane når det gjeld brukarrepresentant vil det bli ein eigen prosess for. Dette må ein kome tilbake til så raskt som råd.

For arbeidsgruppe 2 og 3 vert det føresett at det vert etablert ein systematisert dialog med fastlegane gjennom at det vert etablert ei felles referansegruppe for fastlegane. Denne gruppa må ha høve til å kome med innspel i prosessen og det må gjennomførast høyringsmøte.

**Forslag til vedtak:**

Samarbeidsutvalet har drøfta modell for samsetjing av arbeidsgrupper og er samde i den fordeling som vert lagt til grunn.

Samarbeidsutvalet i ..... vel slik representasjon:

Til arbeidsgruppe 1. ....

Til arbeidsgruppe 2. ....

Til arbeidsgruppe 3. ....